



Evy Ferkingstad

Dato: 12.04.2022

FAGERTUNVEGEN 5

Dokumentnummer: 22/1187-6

4274 STOL

Deres referanse:

Saksbehandler: Evy Helland

Forhåndsvarsel med tvangsmulkt - Platting/terrasse - gnr. 22, bnr. 164 - Søre Ferkingstadveg 143

Me har registrert eit ulovleg tilhøve på dykkar eigedom – Varsel om pålegg og tvangsmulkt

Me visar til tidlegare førespurnad om utgreiing i høve terrasse til naust på dykkar eigedom. Din platting/terrasse med rekkverk er eit tiltak som krev dispensasjon frå byggjeforbodet i strandsona, jfr. plan- og bygningslova § 1-8. Me kan ikkje sjå å ha funne dokumentasjon på at tiltaket er godkjent. De har heller ikkje gjeve opplysningar som endrar vår vurdering av tiltaket som eit ulovleg oppført tiltak.

Dette er eit varsel om at me vurderar å pålegga dykk å retta det ulovlege tilhøvet. Me varslar samtidig at me saman med pålegg vil vedta tvangsmulkt som vil påløpa om det ulovlege tilhøvet ikkje vert retta.

De kan uttala dykk innan 12.05.2022

Dersom de har opplysningar de meiner me ikkje har teke omsyn til kan de koma med ei uttale innan 12.05.2022.

Korleis kan de unngå pålegg og tvangsmulkt?

Rettar de det ulovlege tilhøvet, unngår de pålegg og tvangsmulkt. Dette kan skje på to måtar.

1. De kan retta det ulovlege tilhøvet ved å fjerna plattingen/terrassen. Dersom de vel å fjerna tiltaket vert saka avslutta.
2. De kan senda søknad om dispensasjon frå pbl. § 1-8, jfr. pbl. § 19-2 for etterfølgjande godkjenning. Ein eventuell søknad må sendast på uttale til statsforvaltaren i Rogaland og Rogaland fylkeskommune. Ein føresetnad er at søknaden vert godkjent. Ulovlegheitsoppfølginga vil verta pausa medan ein eventuell søknad vert handsama. Ved avslag på søknaden vil me følgja opp saka vidare umiddelbart.

Frist for retting vert sett til 01.06.2022.

De er sjølv ansvarlege for å gje beskjed til kommunen når tilhøvet er retta.

Kva skjer om de ikkje rettar tilhøvet?

Dersom me ikkje mottek opplysningar som endrar vår oppfatning av saka, kan me pålegga dykk å retta opp innan ein bestemt frist. Retting vil i dette høvet bety å fjerna tiltaket. I same vedtak kan me og fastsetja tvangsmulkt som de må betala om tilhøvet ikkje vert retta innan fristen.

Me varslar vidare om at me kan ilegga dykk forelegg som gjer at pålegget kan få verknad som rettskraftig dom. I tillegg kan me politianmelda tilhøvet.

Nytta regelverk

- Plikten til å søka framgår av plan- og bygningsloven § 20-1 og § 20-4.
- Kommunen sin rett til å gje pålegg om å retta det ulovlege tilhøvet framgår av plan- og bygningslova § 32-3, fyrste ledd.
- Kommunen sin rett til å vedta tvangsmulkt framgår av plan- og bygningsloven § 32-5.
- Kommunen si plikt til å førehandsvarsla eventuelle vedtak framgår av plan- og bygningsloven § 32-2.

Har du spørsmål?

Ta gjerne kontakt med servicetorget eller på e-post post@karmoy.kommune.no dersom de har spørsmål. Husk å oppgje saksnummer i emnefeltet.

Med hilsen

Evy Helland
jurist

Dokumentet er godkjent elektronisk.